

«Mjølkesafari» for mjølkebønder !

Landbrukskontoret i Bjerkreim arrangerer ein spanande «mjølkesafari» for alle interesserte mjølkebønder i Dalane den 08.03.2022 frå kl. 09.00 – 15.00, for å sjå på moglege løysningar for lausdrift som kan passa på din gard.

Me hadde ein tilsvarande mjølkesafari i 2020, med 40 deltakara. Me trur fortsatt at mange av dykk mjølkebønder i Dalane er i tenkeboksen på korleis dere skal løysa det komande kravet om lausdrift for alle mjølkekyr og storfe frå 2034.

Skal me byggja nytt eller skal me ikkje, kan noko av dagens driftsbygning nyttast?

Me besøker 4 mjølkebønder som deltok på «mjølkesafarien» i 2020 og bygd i løpet av desse 2 åra. Bøndene har teke ulike val. Me skal besøka 2 stk som har fått I-mek levert av Fjøsssystemer, og 2 stk som har fått I-mek levert av Felleskjøpet. Desse er:

- **Viljen Nedrebø** (Bjerkreim) ny Lely A5 robot og skraprobot frå Fjøsssystemer, har bygd om fjøset til eteliggebåser. Har plass til 28 kyr og 12 gjeldkyr/store kviger. Påbygg på 90 m². Foring er bandforing i tak med avlesservogn som «mater» bandet.
- **Hans Steinberg** (Lund) – Vms 310 repro frå FK, tilbygg til eksisterande bygg med fokusavdeling og mulighet for kontrollert beiteslipp frå VMS, 60 liggebåser. Kraftforautomat og skraprobot, isolert bygg med takstoler og gjødselekkjeller. Foring med tks feedbelt frå eksisterande låve. Bygger om eksisterande fjøs til kalv og ungdyr.
- **Per Kåre Kjømø** (Lund) – frittliggende nybygg med brukt melkestall tandem. Kraftforautomat og skraprobot. Isolert bygg med elementer og stålkonstruksjon, sandwich på taket. Gjødselekkjeller og kjørbart forbrett, også ungdyr og ammeku i same bygg.
- **Svein Olav Tengesdal og Siv Marie Skåra** (Eigersund) – ny Lely A5 robot og skraprobot frå fjøsssystemer. Frittstående isolert nybygg på ca. 740 m², med elementer, stålsper og sandwich på taket. 52 liggebåser til melkekyr og kjørbart forbrett i den eine langsida. Ca. 800 m³ gjødselelager med direkte nedslepp. Foring med avlesservogn. Easyfix innredning.

Representantar frå Fjøsssystemer og Felleskjøpet er med på «sine» fjøs, og forklarar kvifor dei ulike vala er gjort. Me fokuserer ein del på føring og utgjødsling under fjøsbesøka. I tillegg fokuserer me på valgte løysningar for beitedrift hjå vertane. Vi har med overtrekkstøy; både sko og dressar til alle.

Påmelding til landbrukskontoret i Bjerkreim (helst både mann og kone), snarast og innan 01.03.22. Tlf. Svein Olav 51201173/99021019, Gerd 51201170 eller Kjell 51201172



I etterkant av fjøsbesøka arrangerer me ein oppfølgingsdag den **15.03.22 på Kommunehuset på Vikeså; 10.00 - 14.30** der me fokuserer på:

- **Torfinn Nærland – Tine rådgjeving.**
 - Kva er kostnadsdrivarar i byggeprosessen?
 - Isolert/uisolert fjøs?
 - Takløysningar, skraper/flyterenner/kanalomrøring/direkte nedslepp?
 - Gjødsekkjeller under bygget eller ikkje?
 - Kva bør me tenka på i planleggingsfasen?
- **Jostein Røysland – Bjerkreim Rekneskapskontor.**
 - Lønner det seg å kjøpe/leige kvote på ditt bruk ? Er ammekyr meir lønnsomt enn å leige kvote, og kva kan eit gjennomsnittleg mjølkebruk i Dalane tåle av investering.
- **Olav Tegle- Innovasjon Norge**
 - Kva tilskott er mogleg å oppnå på investeringane?
 - Kor omfattande er ein søknad om støtte?
 - Er grensa for prioritering akkurat 30 kyr, eller er det mulig å ha litt meir og kva med ungdyra?
- **Peder Skåre – Landkreditt bank.**
 - Finansiering av bygg
 - Byggjeleing
 - Bør ein ha gjeldsforsikring
 - Kontraktar, korleis minska risikoen for overskridelsar?
- **Svein Olav Tengesdal - småbrukar.**
 - Erfaringer frå planleggingsprosessen
 - Erfaringar frå gjennomføringsprosessen
 - Byggeledelse, kostnadskontroll og likviditet

Det er høve til å avtala individuelle samtalar med Innovasjon Norge både før og etter møtet. Dersom du ønsker eit slikt møte så ta kontakt med Olav Tegle på telefon 98 21 89 30

Vel møtt til 2 spanande dagar med fokus på muligheter og utfordringar i samband med mulig investering i nytt mjølkefjøs !

